



Referat

Underutval - rus og psykiatri #2

19.05.2022

Møtestad:	Voss DPS NKS Bjørkeli, møterom: Goro
Til stades:	June Eide Viken, Vaksdal kommune Anne Merete Flekstad Vik, Kvam herad Gro Elnan, Eidfjord kommune Agnete H. Gilbakken, Voss herad Frédéric Larsen, Voss DPS Sissel Sæverås Nedkvitne, Voss DPS Kari Kløve, Voss DPS Kari Sæverås Kløve, Voss DPS Cathrine Stue Børhaug, Voss DPS Ingrid Dagestad, spesialsjukepleiar student, Voss DPS Henriette H. Gjeraldstveit, Voss DPS
Fråfall:	Anne Kari Gjeraker, Voss DPS Torstein Hellesnes, Ulvik kommune Bjørg Synnøve Skiple Aasan, Voss DPS Mari Herre, Mental Helse
Referent:	Henriette Hereid Gjeraldstveit, Voss DPS

Sak	Ansvar
Godkjenning av referat, 17.02.2022 Godkjent.	
Runde <u>Eidfjord</u> Fått flyktningar frå Ukraina. Ventar fleire. <u>Vaksdal</u> Fått flyktningar både frå Ukraina og Syria. <u>Voss</u> Agnete Gilbakken er vikar fram til Siri Elvatun er tilbake. <u>Kvam</u> Stor belastning for kriseteamet i kommunen siste tida. Opnar ny kafe «Møteplassen» som er driven av brukarar av rus- og psykiatritenesta. 4 tilsette skal ha kurs i kognitiv terapi. Det vert tilbod om «Tankevirus»-kurs.	



<p>Det er innført kartlegging, der pasientane får sms i forkant av behandling og fyller ut skjema.</p> <p><u>Voss DPS</u> Auke i antal tilvisingar, noko som skapar lengre ventetider. Per i dag ingen fristbrot ihht pasientens rettighet. Avtalespesialistane skal slutte motta tilvisingar då desse no skal vurderast på DPS. På bakgrunn av dette er det forventa auke i antal tilvisingar. God legedekning per i dag. Traumestabiliseringskurs vil bli avvikla frå 2023. Spørsmål til kommunane om dei vil vidareføre gruppetilbod lokalt. Voss DPS vil vera behjelpelig med rettleiing og oppstart dersom interesse. Pasientar med PTSD-problematikk vil få tilbod om EMDR (individuell behandling) ved Voss DPS.</p>	
<p>Pasientflyt – Sandviken sykehus Per i dag er det ikkje faste møter med Sandviken sykehus. Dette sjåast i samanheng med at Voss sitt opptaksområde har relativt få innleggelsar i forhold til folketal. Det vert diskutert ulike problemstillingar knytt til dette, då kommunane opplever dårleg kommunikasjon. Sandviken nyttar seg ikkje av PLO-meldingar og PLO-meldingar som kommunen sender vert ikkje svart ut. Det er ikkje alltid kommune er orientert om at pasient er utskrivne, noko som kan skapa farlege situasjonar. Eit forslag er at fastlege vert orientert om utskrivne pasient som vidare vert ansvarleg for å informera kommune.</p>	
<p>Helsefellesskap Ny avtale er under arbeid. Ønskje om at Underutval sine møter held fram.</p>	
<p>Kommunesak June Eide Viken legg fram skriv frå Helsedirektoratet som omhandlar ei lovpålagt ordning der alle kommunar må ha ei rådgjevande teneste for dei som er pålagt ta rusprøvar. Kven som skal stillast ansvarleg for utføring kjem ikkje klart fram, men meir informasjon vil komma. Ein må då sjå på kven som skal ha ansvar og kva det vil krevja av kvar kommune for å kunne gjennomføre.</p>	
<p>Ny veileidar – førebygging av tvang Voss DPS har arrangert MAP-kurs for fleire av dei tilsette og skal no utdanna eige personell som kan ha opplæring av andre. Kommunane i Voss sitt opptaksområde kan tilbys gratis 2-dagars kurs, for tilsette i rus- og psykiatritenesta, i regi av Voss DPS.</p>	
<p>Samarbeidsmøter med kommune/Voss DPS i konkrete pasientsaker Kommune og DPS har jamnleg møter der konkrete pasientsaker kan diskuteras. Kommunane gjev god tilbakemelding på desse møta og dette held fram.</p>	
<p>Brukarutval Voss DPS har fått ein ny brukarrepresentant.</p>	
<p>Rop-nettverk Planlagt møte i dag kl 12:00. Her vil tema blant anna vera om alle kommunar bør vera representert i ei slik gruppe. Kva skjer med ROP-pasientane her? Det</p>	



er formidla frå fastlegar at det er vanskelig å vite kvar ein skal henvise pasientane då det ikkje er tydeleg definert kva ein rus-pasient er. Tilvisingar kjem ofte i retur med avslag. FACT-team sjåast i samanheng med ROP, men FACT er ikkje endeleg bestemt innført i Voss sitt opptaksområde, då opptaksområdet er på grensa og prosjektmidlar til leiar ikkje vart innvilga.

MØTER i 2022

17.02.2022 kl 09:00-11:00

19.05.2022 kl 09:00-11:00

08.09.2022 kl 09:00-11:00

01.12.2022 kl 09:00-11:00